Innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS) inviterer til open anbodskonkurranse for

Rammeavtale Legemiddel og Multidose.

Sak 25/11706

1 OPPDRAG

1.1 *Oppdragsgjevar*

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er innkjøpssamarbeidet for Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). INSS består av kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Vik og Årdal.

Deltakarar i rammeavtale om kjøp av legemiddel og multidose etter denne anskaffinga er kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Sogndal*, Solund, Stad, Stryn, Vik og Årdal.

Anskaffinga vert gjennomført av Kinn kommune Innkjøp på vegner av INSS.

*Kun Leikanger og Balestrand-delen av Sogndal kommune deltar i anskaffinga.

1.2 *Reglar og prosedyre for anskaffinga*

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1(1).

Dette er ei prosedyre som ikkje tillet forhandlingar. Det er følgjeleg ikkje høve til å endre tilbodet etter tilbodsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8(1) b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8(2) a i forskrifta.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via KGV.

1.3 *Anskaffinga sitt formål og omfang*

Gjennom denne anskaffinga ynskjer INSS å inngå rammeavtale med ein – 1 – leverandør for levering av legemiddel og multidose for deltakanade kommuner i anskaffinga. Omfanget av avtalen er basert på kjøpsstatistikk, men det er likevel berre eit estimat og det påligg ikkje INSS eller kommunane som deltek nokon kjøpsplikt i volum etter denne anskaffinga.

Det estimerte årsvolumet, samla for alle kommunane, er om lag 11 millionar kroner ekskl. mva., totalt 44 millionar kroner ekskl. mva. for heile avtaleperioden inkludert opsjonsår.

Maksimalt uttak på rammeavtalen er 55 millionar kroner ekskl. mva. Vert maks uttak nådd er rammeavtalen oppbrukt og ny avtale skal lysast ut.

Avtalen vil bli inngått etter vedlagde utkast til avtale. Varigheit på avtalen er 2 år, med oppdragsgjevar sin einsidige rett til å forlengje avtalen med ytterlegare 1 + 1 år.

1.4 *Planlagd framdrift*

Det vert lagt opp til følgande tidsrammar for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist kan datoar nedafor verte endra.

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	04.06.2026
Spørsmålsfrist	03.08.2026 kl 12:00
Tilbodsfrist	12.08.2026 kl 12:00
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	17.08.2026
Karenstid for inngåing av kontrakt (klagefrist)	Framgår av tildelingsmelding
Kontrakt vert inngått	Snarast etter utløp av karenstid

Oppdragsgjevar oppmodar leverandørane om å stille eventuelle spørsmål så tidleg som mogleg. På grunn av ferieavvikling vil spørsmål ikkje bli svart ut i juli månad. Spørsmål som kjem inn i juli, vil bli behandla så snart som mogleg etter ferieavviklinga.

Leverandørane kan levere tilbod før tilbodsfristen dersom dei ønskjer det. Oppdragsgjevar har ikkje høve til å opne tilboda før tilbodsfristen er gått ut, då tilboda er låste i konkurransegjennomføringsverktøyet fram til fristen.

1.5 *Tilleggsopplysningar, oppdragsgivar sin kontaktperson*

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply. Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Einar Stavang Haugerud. Dersom de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson i god tid før spørsmålsfristen sitt utløp.

1.6 *Endring i konkurransegrunnlaget*

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurranse-grunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-Supply.

1.7 *Klima og miljø i anskaffelsen*

Oppdragsgiver har vurdert klima- og miljøhensyn i anskaffelsen, jf. anskaffelsesloven § 5 og anskaffelsesforskriften § 7-9.

Hovedregelen er at klima- og miljøhensyn skal vektes med minimum 30 prosent, jf. anskaffelsesforskriften § 7-9 andre ledd. Etter § 7-9 fjerde ledd kan tildelingskriterier for klima og miljø likevel erstattes med klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen dersom det er klart at dette gir en bedre klima- og miljøeffekt, og dette begrunnes i anskaffelsesdokumentene.

Oppdragsgiver vurderer at klima- og miljøhensyn i denne anskaffelsen best ivaretas gjennom obligatoriske krav i kravspesifikasjonen og kontraktsvilkår, fremfor som et vektet tildelingskriterium. Anskaffelsens vesentligste miljøpåvirkning er særlig knyttet til transport til flere kommuner og leveringssteder i distriktsområder, haste- og ekstraleveranser, emballasje/transportkasser, returordninger og håndtering av legemidler til destruksjon.

Oppdragsgiver vurderer at absolutte krav rettet mot disse forholdene vil gi bedre og mer forutsigbar klima- og miljøeffekt enn en skjønnsmessig evaluering av leverandørenes beskrivelser. Kravene blir bindende for leverandøren i hele kontraktsperioden, og kan følges opp gjennom rapportering og kontraktsoppfølging.

Klima- og miljøhensyn evalueres derfor ikke som eget tildelingskriterium. Hensynene er i stedet ivaretatt gjennom obligatoriske klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen og tilhørende kontraktsvilkår, jf. anskaffelsesforskriften § 7-9 fjerde ledd.

2 KRAV TIL LEVERANDØR

2.1 *Krav om ESPD*

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav og at det ikkje ligg føre nasjonale eller av Eu-direktivet angjvevne avvisingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut vedlagde ESPD-skjema. I denne anskaffinga gjeld avvisingsgrunnane etter regelverket i EU og i Noreg. I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gje ei samla erklæring på at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget.

2.2 *Obligatoriske og ufråvikelege krav*

Skatteattest

Kvalifikasjonskrav 1	Det vert kravd at leverandøren ikkje er skuldig skatt eller mva.
Dokumentasjon	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Attesten skal være oppdatert og ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Slik attest hentar du ut på www.altinn.no

2.3 *Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling*

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert kravd at leverandøren har eit lovleg etablert føretak
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

Kvalifikasjonskrav 3	Det vert kravd at leverandøren har tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne gjennomføre kontrakten og oppfylle sine plikter gjennom heile avtaleperioden. Oppdragsgjevar vil gjere ei samla vurdering av leverandøren si økonomiske stilling basert på innsend dokumentasjon. Det vil mellom anna bli lagt vekt på kredittrating, rekneskapstal, soliditet, likviditet, eigenkapital, omsetning og eventuell støtte frå morselskap eller annan garantist. Leverandørar som ikkje kan dokumentere tilfredsstillande økonomisk kapasitet gjennom ordinær kredittrating, kan dokumentere dette på annan eigna måte, til dømes ved årsrekneskap, revisorstadfesta opplysningar, morselskapsgaranti, konserngaranti eller annan finansiell garanti.
Dokumentasjon	Leverandøren skal leggje ved kredittrating frå godkjend kredittopplysningsinstitusjon eller tilsvarande dokumentasjon. Dersom kredittratinga åleine ikkje gjev eit dekkande bilete av leverandøren si økonomiske kapasitet, eller dersom leverandøren ikkje har slik rating, kan leverandøren leggje fram annan eigna dokumentasjon, til dømes siste årsrekneskap, mellombels rekneskapstal, kontantstraumoversikt, morselskapsgaranti, konserngaranti eller annan dokumentasjon som viser at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre kontrakten. Oppdragsgjevar kan be om supplerande dokumentasjon dersom det er naudsynt for å vurdere om kravet er oppfylt.

2.4 *Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar*

Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast rammeavtale eller kontrakt for levering av legemiddel og pakking/levering av multidose til kommunar, innkjøpssamarbeid, helseføretak eller andre verksemder med tilsvarande kompleksitet.
Dokumentasjon	Det skal leggast ved referanseliste for inntil 3 relevante liknande oppdrag dei siste 5 åra. Dersom leverandøren har færre enn 3 slike oppdrag, kan kravet likevel vere oppfylt dersom dokumentasjonen samla viser tilstrekkeleg relevant erfaring og kapasitet.
Kvalifikasjonskrav 5	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt kvalitetsystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva kvalitsetsystem verksemda nyttar og korleis dette sikrar mot feil i leveransen etter denne anskaffinga. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar (ISO eller liknande), skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetsystemet si oppbygging og verkeområde.
Kvalifikasjonskrav 6	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt miljøleiingssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva miljøleiingssystem verksemda nyttar og korleis dette vil påverke leveransen etter denne anskaffinga. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som Miljøfyrtårn, ISO 14001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner miljøleiingssystemet si oppbygging og verkeområde.

3 KRAV TIL TILBODET

3.1 *Levering av tilbod*

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillet ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf. +47 23 96 00 10 eller på e-post til: kgv@eu-supply.com.

3.2 *Komplett tilbod*

Komplett tilbod skal namngjevast etter følgande disposisjon:

1 – Tilbodsbrev – Signert tilbodsbrev på norsk i pdf. Eventuelle atterhald må vere klart og eintydig formulert i tilbodsbrevet.

2 – Kvalifikasjonskrav

- ESPD-erklæring som syner at ein ikkje er omfatta av avvisingskrav, samt at ein fyller krava gjeve i punkt 2.2 – 2.4.

Øvrig dokumentasjon kan bli etterspurt på kort varsel.

3 – Svar på kravspesifikasjon – Svara på dei ulike punkta i kravspesifikasjonen med eventuelle vedlegg som relaterer seg til desse svara. Leverandør skal levere i pdf-format.

4 – Prisskjema – i utfylt stand. For meir rettleiing om dette, sjå under tildelingskriteriet pris/prisskjema.

5 – Sladda tilbod
Dokument i denne anskaffinga vil verte handtert i tråd med reglane som framkjem i Offentleglova med tilhøyrande forskrift. Etter at kontrakt er tildelt, er tilboda offentlege. Oppdragsgjevar skal likevel ikkje offentleggjere til dømes forretningsløyndomar, delpriser mv. Berekna totalpris i tilboda vil alltid være offentleg. Dersom tilbydar ønskjer noko unnteke offentleg innsyn, må ein legge ved komplett tilbod i sladda versjon.

3.3 *Vedståingsfrist*

Leverandøren er bunden av tilbodet i «tre månader» frå innleveringsfristen.

3.4 *Alternative/parallelle tilbod*

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

3.5 *Tilbod på delar av oppdraget*

Det er ikkje høve til å gje inn tilbod på deler av oppdraget.

4 HANDSAMING AV TILBODA

4.1 *Tilbodsopning*

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

4.2 *Avvising av leverandør*

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

4.3 *Avvising av tilbod*

Oppdragsgjevaren pliktar å avvise tilbodet når det på grunn av atterhald eller feil, uklareheit eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda. Oppdragsgjevaren kan avvise tilbodet når det ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd, ikkje gjev opp prisen slik som føresett i konkurransegrunnlaget, verkar unormalt lavt prisa i høve produktet/tenesta det er gjeve tilbod på, eller ikkje er signert.

5 AVGJERD AV KONKURRANSEN

5.1 *Avlysing av konkurransen og totalforkasting*

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen.

5.2 *Tildelingskriterier*

Tildelinga skjer på basis av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris/kostnad og kvalitet.

5.2.1 Pris – 70 %

Oppdragsgjevar har lagt ved eit prisskjema, vedlegg 2, som skal fyllast ut i tråd med rettleiinga i skjemaet. Pris skal gjevast opp ekskl. mva., men inkludere alle kostnader leverandøren vil ha ved å oppfylle kontrakten.

Ved evaluering av tildelingskriteriet pris vil oppdragsgjevar leggje til grunn berekna pris oppgjeve som «Tilbodssum til evaluering» i innlevert prisskjema.

Det vert nytta ein lineær evalueringsmodell der lågaste evaluerte pris får 10 poeng. Øvrige tilbod får poeng etter ein lineær skala der ein pris som er dobbelt så høg som lågaste evaluerte pris, får 0 poeng. Tilbod med pris som er meir enn dobbelt så høg som lågaste evaluerte pris, får 0 poeng.

5.2.2 Kvalitet – 30 %

Kvalitet blir evaluert på grunnlag av leverandøren sine svar på dei krava i kravspesifikasjonen som er knytte til tildelingskriteriet kvalitet.

Dei obligatoriske krava i kravspesifikasjonen er minstekrav som må vere oppfylte. Oppfylling av minstekrava gjev ikkje i seg sjølv utteljing under tildelingskriteriet kvalitet.

Ved evalueringa vil oppdragsgjevar vurdere dei delane av tilbodet som gjeld bør-krav og krav til redegjering i kravspesifikasjonen, og eventuelle meirverdiar utover minstekrava, i

den grad desse er relevante for kvaliteten på leveransen.

Oppdragsgjevar vil særleg vurdere leverandøren sine løysingar for bestilling og elektronisk samhandling, handtering av hastebestillingar og akutte behov, tilgang til lokale eller hensiktsmessige utleveringsløysingar, samt eventuell integrasjon eller elektronisk samhandling med kunden sine fagsystem, i den grad dette er etterspurt i kravspesifikasjonen. Det vil bli lagt vekt på om løysingane er konkrete, praktisk gjennomførbare, brukarvenlege, trygge og eigna for kommunane sine behov og geografi. Følgjande krav inngår i evalueringa av kvalitet: 7.2.2, 7.2.6, 7.3.1 og 7.4.1

Evalueringa vil bli gjort på grunnlag av leverandøren sine svar på kravspesifikasjonen og den dokumentasjonen som er etterspurt der. Generelle utsegner, marknadsføringstekst eller udokumenterte påstandar vil ha avgrensa vekt. Leverandøren har sjølv ansvar for å synleggjere kva konkrete kvalitetar og meirverdiar tilbodet gir utover minstekrava.

Oppdragsgjevar vil gjere ei samla innkjøpsfagleg vurdering av tildelingskriteriet kvalitet. Det tilbodet som etter oppdragsgjevar si vurdering har best kvalitet, får 10 poeng. Øvrige tilbod får poeng forholdsmessig ut frå relevante skilnader i kvalitet samanlikna med beste tilbod.

5.1 *Tildeling av oppdrag*

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med ”kontrakt vert inngått” meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Vi gjer merksam på at totalpris slik den framkjem i leverandør sitt tilbod, vil være offentleg informasjon og kan sendast ut i tildelingsmelding.

6 VEDLEGG

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon
Vedlegg 2 – Prisskjema
Vedlegg 3 – Utkast til rammeavtale
Vedlegg 4 - Beskrivelse av deltakande kommuner